



BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE

NOVEMBER 2025



Har du lasta ned Friskus? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

Nyheiter frå heimesida

Ledige stillingar

Publisering av innkallingar og møteprotokollar

Dersom du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel er det truleg fordi du ikkje har valgt kategorien du vil få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter nytt frå Valle kommune.

For å sjekke om du har valt kategorien kan du gjere følgjande:

- Gå inn på menyen oppe til høgre (tre strekar)
- Mine valg
- Dersom Valle kommune er merka av klikker du på pila nede til høgre, om ikkje trykkar du på den.
- Velg om du vil følgje fleire kommunar eller hopp over
- Så trykkar du på Nytt frå Valle kommune og deretter pila nede til høgre
- På neste side er det ingen val og kan berre klikke på pila nede til høgre
- Så er du klar og kan trykke ei siste gong på den grønne pila nede til høgre



friskus

Treng du hjelp kan du ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon 37937500.

KOMMUNEN INFORMERER

Næring i Valle i framtida– kom på møte om kommuneplanen!

Valle kommune inviterer bygdefolk og næringsliv til å kome med innspel om framtidas næringsliv, inkludert landbruk og reiseliv, i samband med utforming av kommuneplanen sin samfunnsdel. Lokalt engasjement og innspel er viktig for å få både nye idèar og innspel på kva vi bør satse på framover.

Tid: Torsdag 6.november kl. 18.00-20.00

Stad: Sølvarden

Det blir servert pizza!



Søknad om TT-kort

Fylkeskommunen har transportteneste for personar med ei permanent funksjonshemming som gjer at dei ikkje kan bruke vanleg rutegåande transportmiddel utan store vanskar. Personar som ynskjer å bli godkjende som brukarar av tenesta kan sende søknad og legeattest til Valle Kommune, Velkomstsenter.

Søknadsfrist 15. november.

Politiske møte

Måndag	17.11	kl. 08.30	Valle ungdomsråd
		kl. 14.00	Eldrerådet
		kl. 16.00	Rådet fro personar med funksjonsnedsetting
tysdag	18.11	kl. 09.00	Plan og miljøutvalet
		kl. 12.00	Levekårutvalet
Onsdag	19.11	kl. 09.00	Administrasjonsutvalet
		kl. 10.00	Formannskapet
Onsdag	10.12	kl. 10.00	Kommunestyret

Informasjon om Bygdenytt

Vi går over til nytt program for å lage Bygdenytt. Dette inneber endringar i korleis stoff til Bygdenytt skal bli sendt inn.

Vi ber om at du sender:

- Word-fil slik at vi enkelt kan hente teksta og tilpasse det vårt system og på den måten få laga eit oversiktleg og godt informasjonsblad.
- Bilete, dersom det er ynskjeleg å ha med.

Dette inneber at vi ikkje vil ha plakater så langt det let seg gjere.

It takes a Village - ein dag for barns oppvekst

Laurdag 15. november kl. 09:00–15:00 i Hylestad soknehus

Eitt barn - ein dal - mange hender

Velkomen til It takes a Village - ein festivaldag i Valle som samlar alle som bryr seg om barns oppvekst; foreldre, besteforeldre, frivillige og fagfolk frå ulike felt. Målet er enkelt: å dele kunnskap, skape refleksjon og styrke det lokale fellesskapet som gir barn gode vilkår.

Program for dagen:

Kl. 09.00: Velkomen og innleiing

Kl. 09.15-11.15: Siri Abrahamsen – «Små handlingar – store forskjellar»

Ein refleksjon om kor mykje små, konkrete handlingar betyr i møte med kvarandre. Foredraget tek utgangspunkt i tanken om at mellommenneskelge møte kan løfte eller tyngje – og viser korleis varme, bevisstheit og velvilje gjer ein konkret forskjell i kvardagen.

Kl. 11.15-12.15: Vegard Nilsen – «Gode oppvekstvilkår»

Ein faktabasert og granskande sesjon om kva som fremjar god utvikling: Søvn, kosthald, relasjonar og sosiale ferdigheiter. Gjennom statistikk, perspektivtaking og opne spørsmål inviterer Vegard til refleksjon: Kva vektlegg vi, og kva går under radaren? Kan sosiale ferdigheiter vere viktigare enn tidleg lesing – og korleis legg skule, heim og samfunn til rette for dette?

Kl. 12.15-13.00: Gratis lunsj

Kl. 13.00-15.00: Alexander Read – «Robuste barn»

Med bakgrunn i ekspedisjonar, naturterapi og formidling viser Alexander Read korleis naturen kan brukast som verktøy for å bygge livsrobustheit, styrke relasjonar og utvikle indre styrke. Praktiske erfaringar og historier frå turar gir konkrete verktøy for familieliv og folkehelse.

Hylestad barnehage er open for barn tom. 2.klasse i Valle kommune denne dagen. For 3.-5.klasse er det aktivitetar på **Setesdalsmuseet**, i samarbeid med Valle skule SFO. **NB! Førehandspåmelding** - meir informasjon om dette går ut til foreldra via VISMA. Museet er elles ope for alle denne dagen – barn må då vere i følgje med vaksen.

For meir informasjon: [It Takes a Village - ein dag for barns oppvekst - Valle kommune](#)

Arrangementet er gratis og ope for alle – kom og delta i samtalar som betyr noko for barn og unge i dalen vår!

Arr. Valle kommune

Sjå meir her



FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 20. NOVEMBER.

Send på epost til sentralbord@valle.kommune.no

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - NOVEMBER

Onsdag	05.11	kl. 10.30	Sosialt samvær
Onsdag	12.11	kl. 10.30	Klesbutikken seniorshop kjem hit
Onsdag	19.11	kl. 10.30	Sosialt samvær
Onsdag	26.11	kl. 10.30	Førjolskonsert med Jenny Jenssen kl. 13.00



KULTUR OG FRITID INFORMERER

BIBLIOTEKET - MEIROPE ER PÅ VEG

For kvar veke som går er me eit steg nærare å få innstallert meirope att! Me håpar og trur at det skal vere ope å gå i første halvdel av november.

hugs å sjekke facebook-sida vår "Valle bibliotek - Sæbyggjen" kor me vil oppdatere når alt er på plass. der finn de også oppdaterte opningstider.

Minner om at dei bemanna opningstidene no er:

Måndag	kl. 11 - 16
Tysdag	kl. 11 - 16
Onsdag	kl. 11 - 16
Torsdag	kl. 12 - 17
Fredag	kl. 11 - 15

Me minnar også på at biblioteket er ope til kl. 18 kvar måndag og onsdag for born og unge.

OPEN DAG I VALLEHALLI

Sundag 16. november kl. 11 - 14.

Her kan du drive med eigenaktivitet, kunstsylar, spel og leikar av ulike slag, prate eller kanskje ein fotballkamp?

Hugs å ha med drikke. Kom og møt barne og ungdomsarbeidar Isabel!

KINO PÅ HYLESTAD SOKNEHUS - NOVEMBER



Måndag 10. november

Kl. 17.00 Hvis ingen går i fella - 6. år



Kl. 19.00 Springsteen: Deliver Me from Nowhere - 9. år.

FOLKEMUSIKKSAMLING FOR BARN OG UNGE

Laurdag 22.11 kl. 11 Hylestad soknehus

Valle kultur og fritid vil i samarbeid med Setesdal spelemannslag invitere til ei innhaldsrik folkemusikksamling !



Klokkeslett	0-6 år	1. – 4. klasse	5. – 8. klasse
11.00-12.00	Leikarring introduksjon Åse Solbakk	Halling introduksjon Kjetil Myhren	Kveding introduksjon Sigrid Berg
12.00 – 12.30	Frukt og drikkepause		
12.30 – 13.15	Halling introduksjon Kjetil Myhren	Munnharpe introduksjon Eivind T. L. Knutsen	Fele introduksjon Daniel Sanden Warg
13.15 – 13.30	Frukt og drikkepause		
13.30 – 14.00	Gangar introduksjon Tor Espen Helle	Kveding introduksjon Sigrid Berg	Munnharpe introduksjon Eivind T. L. Knutsen
14.00 – 14.30	Fellesdans - alle		
14.30 – 15.30	Gratis middag – Lapskaus med flatbrød og saft		

HANDARBEIDSKVELD - SETESDAL HUSFLID

Onsdag 5.11 kl. 18 - 21

Onsdag 19.11 kl. 18 - 21 Lær å krulle

Onsdag 03.12 kl. 18 - 21

Ta med eige handarbeid.
Det blir og servering av te og kaffe.



LYRIKKSALONG MED JACOB SANDE

Torsdag 13.11 kl. 19.00 Sæbyggjen

Lyrrikksalong med Jacob Sande - Framført av Fredrik Høstaker

Billett 150,- / Gratis for ungdomar t.o.m. vidaregåande skule.
Me serverar kaffi, te og twist.

VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Sundag	02.11	kl. 11.00	Helgemesse - Minnegudsteneste Diakoniens dag	Hylestad kyrkje
Sundag	16.11	kl. 11.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Onsdag	26.11	kl. 12.30	Andakt	Bygdeheimen
Fredag	28.11	kl. 17.00	Fakkeltog og tenning av jolegran	Valle sentrum
Sundag	30.11	kl. 17.00	Ljosmesse	Hylestad kyrkje
Onsdag	03.12	kl. 11.00	Andakt	Bygdeheimen

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle: tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

NOMELAND BEDEHUS

Tysdag 11.11 kl. 19 Torstein Landås

Alle er velkomne!



SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE

Laurdag 08.11 kl. 16

Songer frå bedehuset med Line Haugholmen, Jarle Aabo, Kjetil Borgheim og Sondre Fosli Stenseth.



JOLEMESSE - NORMISJON

Laurdag 22.11 kl. 12.00
kl. 13.00 Andakt
kl. 16.00 Familiemøte
kl. 17.00 Trekning

Fra Normisjon kjem Gunnar Urstad Ingebjørg Berstad Torp og Ragnar Ringvoll.

Det blir åresal av kransekaker, marsipankaker og fruktkorger, samt sal av småkaker.

Heile dagen blir det servering av mat og drikke, og høve til å kose seg med noko godt!

Det er mange flotte premiar, blant anna dalebukse til barn!

Loddbøker er lagt ut på Coop og Joker.

ALLIDRETT

Fredag 14.11 kl. 19 - 22 Vallehalli

Som vanleg aktiviteter i hallen og kiosk.

Andakt ved Hallvard Hageland.

Denne gongen er det også gåvedugnad til Frelsesarméen i Kristiansand.



FOREDRAG: FINLAND - VÅR UTSATTE NABO

Onsdag 12.11 kl. 13 Hovden grendehus

Morten Jentoft er journalist og forfatter og har jobba med Finland i store deler av sitt yrkesaktive liv. Han har skrive boka «Finland 1918 – om nordmenn i den finske borgerkrigen», og kjem hausten 2025 med ny bok om Finland og Noreg under 2. verdskrig.

Det vert enkel servering!

Me ynskjer alle hjarteleg velkomen!

Inngong: Kr. 100,-



VALLE RADIO

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 18 Sending

Vi sender også kommunestyremøta og styremøta i Setesdal Regionråd med reprise kl.18.00 same dag.

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta». Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



GARANE GRENDEHUS - JOLEMARKNAD

Laurdag 15.11 kl. 11 - 16

Her finn du alt frå lokale puslespel til honning!

Hylestad bygdekvinnelag står for lapskaus og mykje anna godt.

For meir informasjon kan du ringe Jorunn Synnøve på tlf, 908 95 943

KVASKJER I VALLE - NOVEMBER

(med atterhald om endringar)

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
02.11.	Hylestad kyrkje	11.00	Gudsteneste
05.11.	Bygdeheimen	10.30	Onsdagskafeen
05.11.	Husfliden	18.00	Handarbeidskveld
08.11.	Skafsåheii fjellkyrkje	16.00	Sanger frå bedehuset
10.11.	Hylestad soknehus	17.00/19.00	Bygdekino
11.11.	Nomeland bedehus	19.00	Torstein Landås
12.11.	Bygdeheimen	10.30	Onsdagskafeen og seniorshop
12.11.	Hovden grendehus	13.00	Foredrag om Finland
13.11.	Sæbyggjen	19.00	Lyrikksalong med Jacob Sande
14.11.	Vallehalli	19.00	Samling i Vallehalli
15.11.	Hylestad soknehus	10.00	Foreldrefestival - It takes a village
15.11.	Garane grendehus	11.00	Jolemarknad
16.11.	Vallehalli	11.00	Open dag i Vallehalli
16.11.	Valle kyrkje	11.00	Gudsteneste
19.11.	Bygdeheimen	10.30	Onsdagskafeen
19.11.	Husfliden	18.00	Handarbeidskveld
22.11.	Hylestad soknehus	11.00	Folkemusikksamling for barn og unge
22.11.	Sæbyggjen	12.00	Jolemesse
24.11.	Hylestad soknehus	17.00/19.00	Bygdekino
26.11.	Bygdeheimen	10.30 13.00	Onsdagskafeen og konsert med Jenny Jenssen
28.11.	Valle sentrum	17.00	Fakkeltog
30.11.	Hylestad kyrkje	17.00	Ljosmesse